

Tilrettelegging i barnehagen for barn med nedsett funksjonsevne

Line Sperre og Marte Byrkjeland



Fylkesmannen i Vestland



5. Juni 2019



Kartlegging

- Kartlegging av kommunane sin praksis og forvaltning av den individuelle retta til tilrettelegging, frå januar 2018 til januar 2019
- Formål: å sikre målretta rettleiing og lik forståing av regelverket
- Informasjonen også ein del av Fylkesmannen si risikovurdering
- Etterspurde mellom anna:
 - Korleis kommunen informerer om plikta
 - Tal innmeldingar og vedtak (og to døme)
 - Utfall i sakene
 - Klager og resultat



Funn fra kartlegginga

Vedtaka viser

- «Gamal» ordning – følger ikkje nytt regelverk
- Vedtak adressert til barnehagen, tilrettelegging gitt som tilskot til barnehagen, og ikkje tildelt barnet
- Samanblanding av tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp
- Mangelfulle vedtak
 - Vurderer ikkje om barnet har nedsett funksjonsevne
 - Grunngir ikkje tiltaka/omfanget
 - Viser ikkje korleis tilrettelegginga skal gjere at barnet kan ta i bruk barnehagetilbodet



Tilretteleggingsplikta

§ 19 g. *Barn med nedsatt funksjonsevne*

«**Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud.** Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.

Kommunen fatter vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbudet til barn med nedsatt funksjonsevne.»

Lovendringa trådte i kraft 1. august 2016.



**Det ordinære
barnehagetilbudet**
jf. barnehagelov og rammeplan

BARNET

**Kommunens
tilretteleggingsplikt**
jf. barnehageloven § 19g

Spesialpedagogisk hjelp
jf. barnehageloven
§19a-f



SPECIALPEDAGOGISK HJELP § 19 a-h	TILRETTELEGGING § 19 g
<p>En pedagogisk støtte for å gjøre barnet bedre rustet til å starte i skolen.</p> <p>Formålet er å gi barn med særlige behov <u>tidlig hjelp og støtte til utvikling og læring</u>.</p> <p>I vurderingen er det aktuelt å se på barnets utvikling, læring, evner og forutsetninger – f.eks. om barnet utvikler seg senere/annerledes, enn det som er forventet.</p>	<p>Nødvendige tiltak for at barn med nedsatt funksjonsevne kan ta i bruk det ordinære barnehagetilbudet</p> <p>Formålet er å <u>tilpasse omgivelsene</u> til barnet, slik at barnet <u>kan bruke</u> barnehageplassen sin.</p> <p>Målsettingen etter § 19 g er ikke en endring eller utvikling hos barnet</p>

Rett på spesialpedagogisk hjelp utelukkar ikkje behovet for tilrettelegging, og motsatt – og noen har behov for begge delar.



Nærare om krava til grunngjeving

§ 25 (*begrunnelsens innhold*).

I begrunnelsen skal vises til **de regler vedtaket bygger på**, med mindre parten kjenner reglene. I den utstrekning det er nødvendig for å sette parten i stand til å forstå vedtaket, skal begrunnelsen også gjengi innholdet av reglene eller den problemstilling vedtaket bygger på.

I begrunnelsen skal dessuten nevnes **de faktiske forhold som vedtaket bygger på**. Er de faktiske forhold beskrevet av parten selv eller i et dokument som er gjort kjent for parten, er en henvisning til den tidligere framstilling tilstrekkelig. I tilfelle skal det i underretningen til parten¹ vedlegges kopi av framstillingen.

De hovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av forvaltningsmessig skjønn, bør nevnes. Er det gitt retningslinjer for skjønnsutøvingen, vil i alminnelighet en henvisning til retningslinjene være tilstrekkelig.

§ 24 (når enkeltvedtak skal grunngis).

Enkeltvedtak skal grunngis.

Forvaltningsorganet skal gi begrunnelsen samtidig med at vedtaket treffes



Grunngjeving i vedtak om tilrettelegging

1. Kommunen må først ta konkret stilling til om dette barnet har nedsett funksjonsevne i barnehagen.
2. Kommunen må deretter identifisere kva som hindrar dette barnet i å ta i bruk barnehageplassen på lik linje med andre barn.
3. Kva tiltak som trengs for å bygge ned desse barrierane.



Kva ligg i «nedsatt funksjonsevne»?

- Barn med nedsett funksjonsevne er ei samansatt gruppe.
- Begrepet nedsett funksjonsevne er ikkje definert i barnehagelova.
- I lova sine forarbeid er det vist til definisjonen, tap av, skade på eller avvik i ein kroppsdel eller i ein av kroppen sine psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjonar.
- Ikkje krav om diagnose
- Det må avgrensast mot bagatellmessige og forbigåande forhold, og det kan utleiast at det som er å sjå som innanfor normalvariasjonen i småbarnsalderen, vil falle utanfor.
- Det er individuelle ulikheiter mellom barn utan at det på grunn av dette er tale om funksjonsnedsetting.



Vurdering av «nedsatt funksjonsevne»

- Alle barn i barnehagen har behov for hjelp og tilsyn, nokon meir enn andre, men det medfører ikkje at alle barn med ekstra utfordringar treng tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g.
- Sentralt i vurderinga er om barnet har ei funksjonsnedsetting av ein slik art at det hindrar barnet i å bruke barnehageplassen sin på lik linje med andre barnehagebarn.
- Konkret og samansett vurdering



Døme på «nedsatt funksjonsevne»

- Frå Udir sin rettleiar: nedsett syn eller hørsel, nedsett bevegelsesfunksjon, hjartesyjukdommar, lungesyjukdommar og diagnosar innanfor autismspekteret.
- Døme frå klagesaker: sondemating (PEG), inkomplett blære, barn som ikkje kan gå sjølv, cochlea implantat (avansert høreapparat)
- Krev alltid ei konkret vurdering! Jf. døme: barn som ikkje kan gå sjølv



Kva ligg i plikta?

- I «skal sikre» ligg det ei plikt til å ha eit system i kommunen, som fangar opp dei barna med nedsett funksjonsevne som har behov for tilrettelegging for å kunne ta i bruk barnehagetilbodet på lik linje med andre barn.
 - Fortlaupande vurdere behov (ikkje «søknadsfristar»)
- Gjere vedtak på bakgrunn av informasjon om behov for kommunal tilrettelegging
- Sørge for gjennomføring av vedtak
- Oppfølging av tilrettelegginga



Kva er barnehageeiers ansvar?

Barnehagen *skal*:

- være en pedagogisk virksomhet.
- gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.
- ta hensyn til barnas alder, **funksjonsnivå**, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.
- formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.
- støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.
- ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.



Rammeplanen: Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som trenger ekstra støtte

«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barnas behov og forutsetninger, også når noen barn har behov for ekstra støtte i kortere eller lengre perioder. Barnehagen skal sørge for at barn som trenger ekstra støtte, tidlig får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilretteleggingen som er nødvendig for å gi barnet et inkluderende og likeverdig tilbud. Tilretteleggingen skal vurderes underveis og justeres i tråd med barnets behov og utvikling.

Inkludering i barnehagen handler også om tilrettelegging for sosial deltakelse. Barnehagens innhold må formidles på en måte som gjør at ulike barn kan delta ut fra egne behov og forutsetninger. Barnehagens viktigste sosialiseringsarena er leken. For noen barn kan tidlig innsats innebære at personalet arbeider særlig målrettet og systematisk - over kortere eller lengre perioder - med å inkludere barnet i meningsfulle fellesskap.»



Saksgong

- Foreldre / barnehagen melder til kommunen om behov for tilrettelegging. Alternativt at kommunen er kjend med at det er barn som kan ha behov for kommunal tilrettelegging (t.d. frå førre barnehageår eller prioritert opptak)
- Kommunen tar stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne og kva som skal til av tilrettelegging og gjer vedtak (kommunen må opplyse saka, jf. fvl. § 17)
- Foreldra kan klage på vedtaket – sendast til kommunen for klagebehandling (obs! barnehagens syn må innhentast. Delvis medhald i klageomgang skal sendast vidare til Fylkesmannen)
- Fylkesmannen kan stadfeste, oppheve eller omgjere kommunen sine vedtak



Case-oppgåver



Torleif

Torleif 5 år, har utfordringar med å forstå og bli forstått, og han slit av og til med å få med seg kollektive beskjedar. Han blir ofte frustrert når dette skjer.

Foreldra/barnehagen skriv at han har behov for at ein vaksen kan følgje han tett, ved å sette ord på ting, og forklare. Han har og språkvanskar. Vanskane kjem tydeleg fram der språk er i fokus, særleg i leik. Han er veldig kontaktsøkande både med vaksne og barn, men brukar mykje energi på å følgje med på kva som skjer og kva som blir sagt.

Har Torleif rett på tilrettelegging etter bhl. § 19 g?



Torleif

Torleif 5 år, har utfordringar med å forstå og bli forstått, og han slit av og til med å få med seg kollektive beskjedar. Han blir ofte frustrert når dette skjer.

Foreldra/barnehagen skriv at han har behov for at ein vaksen kan følgje han tett, ved å sette ord på ting, og forklare. Han har og språkvanskar. Vanskane kjem tydeleg fram der språk er i fokus, særleg i leik. Han er veldig kontaktsøkande både med vaksne og barn, men brukar mykje energi på å følgje med på kva som skjer og kva som blir sagt.

Torleif blir ofte så frustrert at han stikk av. Han kan løpe ut og gøyme seg opptil fem ganger dagleg. Barnehagen brukar ofte mykje tid på å leite etter han.

Har Torleif rett på tilrettelegging etter bhl. § 19 g?



Ole

Ole er 4 år og går i ein friluftsbarnehage. Han har cerebral parese. Diagnosa hans gjer at han har samansette vanskar både språkleg og fysisk. Ole har ein del utstyr i barnehagen, mellom anna spesialstolar. Han må løftast, bærast og plasserast i alt utstyr. Han har ustø gange, og sit som oftast i vogn når barnehagen er på tur. Han treng og hjelp til aktivitetane ute, slik som sykling, klatring og liknande leik.

Ole slit med å kle på seg sjølv, og brukar mykje lenger tid enn dei andre barna, dersom han ikkje får hjelp. Han brukar lang tid på å spise. Han har vanskar med å formidle kva han vil. Hans utfordringar er og knytt til sosialt samvær med andre barn. Han treng ein vaksen til å hjelpe han i leiken, då tempoet ofte blir for raskt for han, både språkleg og motorisk.

Ein dag i veka må Ole følgast til fysioterapeut i løpet av barnehagedagen. Dei andre dagane må ledda hans tøyast i barnehagen.

Har Ole rett på tilrettelegging etter bhl. § 19 g?



Hanne

Hanne er 3 år og har heiltids plass. Barnehagen opplyser at dei treng tilrettelegging for at Hanne skal føle tryggleik til å bruke og utvikle språket sitt, i mindre leike- og språkgrupper. Dei treng ein vaksen til å vere nær ho i dei ordinære aktivitetane, slik at kvardagen opplevast som forutsigbar. Dei opplyser at Hanne nyttar verbalspråket sitt lite, og dei har sett lite framgong. Ho nyttar oftast 1-3 ords setningar. Ho følger aktivt med i leiken med andre og i samlingsstund, men deltar ikkje dersom leiken krev at ho brukar språket. Barnehagen oppgir at 20 timar tilrettelegging per veke i form av ekstra bemanning er eit naudsynt tiltak.

Har Hanne rett på tilrettelegging etter bhl. § 19 g?



Vis lovtekst



[Vis på Lovdata.no](#)



Tolkningsuttalelser

[Spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging av barnehagetilbudet for barn med nedsatt funksjonsevne](#)

[Tilrettelegging av barnehagetilbudet for barn med nedsatt funksjonsevne](#)

[Barn i fosterhjem – spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging av barnehagetilbudet](#)

[Økonomisk ansvar for tilrettelegging av barnehagetilbudet når barnet går i barnehage utenfor bostedskommunen](#)

[Spørsmål om tolkning av barnehageloven § 19 g](#)

[Spesialpedagogisk hjelp til barn på sykehus](#)

[Spesialdietter i barnehagen](#)

[Kommunens ansvar etter § 19 g](#)



Informasjon på nett

<https://www.udir.no/utdanningslopet/barnehage/ansatte/tilrettelegging-av-barnehagetilbudet-for-barn-med-nedsatt-funksjonsevne/>

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialpedagogisk-hjelp/Spesialpedagogisk-hjelp/>

Kapittel 10: om skillet mellom tilrettelegging av barnehagetilbudet for barn med nedsatt funksjonsevne og spesialpedagogisk hjelp

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/>